

Kvinnherad Kommune

5470 Rosendal

Att: Rune Helland

Vedkjem sak

Detaljregulering for del av 131/4 og 123/13 - Turistanlegg - Uskedalen - planID 20220004

Naturvernforbundet i Kvinnherad har registrert at vedteken plan er sendt ut på høyring. Me vil koma med fylgjande uttale til denne planen.

Elvedelta er viktige for mange plante- og dyreartar. Dette er landområde som er danna av avleiringar ved munninga av ei elv. Eit delta er under stadig endring av tidevatnet og straumføring frå elva. Norske elvedelta er generelt ein sær s trua naturtype, og dei er med få unntak tidlegare blitt undersøkte med tanke på tilstand og inngrep.

I munninga av Uskedalselva har det over lang tid danna seg eit slikt elvedelta. Dette er det einaste delta i sitt slag som er att i Kvinnherad. Deltaområdet er eit sær viktig beite- og rasteområde for nokre av dei vanlegaste sjøfuglane våre. På fjøre sjø kan du observere vadefuglar, ender, måsar, skarvar og svaner. Her finn desse fuglane mat, og dei får kvile og pusse fjørdrakta si.

Auka menneskeleg aktivitet i området vil sterkt forringe denne staden for fuglane som nyttar han.

Naturvernforbundet i Kvinnherad bed difor om at elvedeltaet i Uskedalselva, saman med tilhøyrande strandsoner, må takast vare på akkurat slik det ligg i dag. Det må heller ikkje leggjast til rette for ferdsle som vil uroe fuglane. Det bør òg vurderast å setja opp ein høg hekk eller eit gjerde på nordsida av deltaet.

Mvh

Naturvernforbundet i Kvinnherad

Mari Teigen Varanes